Konkurransegrunnlag Badevik
Prosjektnummer 8215 Badevika for alle

Bakgrunn

Fjaler kommune skal forbetre tilkomst til badestranda i Badevika, og utbetre turveg i Badevika. Målet er at det vert lettare for personar med funksjonsnedsettingar, inkludert bruk av rullestol og rullator, å bruke området.

Tiltak for å oppnå dette vert skildra gjennom tre delprosjekt i prioritert rekkefølge. Vi tek atterhald om at eitt eller fleire delprosjekt kan utgå.

Kart syner oversikt over stad for dei tre delprosjekta.



Delprosjekt 1

- Betre tilkomst til toalett og badestrand ved å etablere sti med fast dekke.
- Opparbeide opphaldsplass framfor naustet samt kantstein/støttemur i overgang til strand
- Handtere overflatevatn frå takrennenedløp.

Kartutsnitt



Utsnittet syner område for planlagt tiltak. Avmerkinga syner omtrentleg størrelse og trase for tiltaka.

Lilla strek viser trase for ny sti. Det syner ikkje breidde på veg eller eksakte trasear.
Oransje rektangel syner område for opphaldsplass.
Grøn strek syner område for kanstein/støttemur i overgang til strand
Blå strekar syner trase for grøft for handtering av vatn frå takrennenedløp.

Formål

Tiltaket skal gi betre og meir universelt tilgjenge til toalett og badestrand ved å etablere ein ny gangsti med fast dekke. I tillegg skal det etablerast ein opphaldsplass framfor naustet. Løysinga skal vere robust, tilpassa terrenget og bidra til å styre ferdsel på slik måte at unødig slitasje på grøntareal og omkringliggande areal blir redusert. Vatn frå takrennenedløp må handterast vekk frå opphaldsplass.

Dagens situasjon

- Grunnforholda består i dag i hovudsak av jord og grasdekke som ligg på grus og sand (morene).
- Overflata er ujamn.
- Frå takrennenedløpa på naustet er det avrenning som bidreg til auka erosjon.

Planlagt tiltak

- 1a: Forbetre/etablere gangsti fram til toalett, vidare langs austsida av naustet og fram til badestrand og opphaldsplass.
- 1b: Etablere opphaldsplass framfor naustet
- 1c: Etablere kantstein/støttemur i overgang til strand
- 1d: Handtere vatn frå takrennenedløp ved å etablere grøft med rør

Omfang av arbeid

Arbeidet omfattar etablering av gangsti og opphaldsplass med tilhøyrande grunnarbeid. Entreprisen inkluderer alle naudsynte leveransar og arbeid for å ferdigstille tiltaket, herunder massehandtering, oppbygging av underlag og ferdig dekke. Alle kostnader knytt til material, transport og utføring innanfor tiltaksområdet skal vere inkludert i tilbydd pris. Leverandør har ansvar for naudsynt sikring av anleggsområdet i anleggsfasen.

Dimensjonar og krav:

- Gangsti skal vere om lag 15 meter lang
- Stien skal vere trinnfri og tilpassa sideterrenget.
- Overflata på stien skal vere på minimum 1,8 m. I tillegg kjem tilpassing til sideterreng.
- Opphaldsplassen framfor naustet skal vere 7x3,5 meter
- Opphaldsplassen skal ha ein tørrmur i overgang til strand. Muren skal vere 7 m lang og om lag 40 cm visflate. Toppstein på mur etablerast ca 20 cm under fundament på naustet. Berekna 1:50 fall frå fundament på naustet og mot steinkant.
- Vatn frå takrennenedløp skal førast til bekk i Ø 110 DV-rør via ei grøft på om lag 15 meter.

Oppbygging av sti og opphaldsplass

- Blaute massar skal utskiftast til fast grunn.
- Ny oppbygging med sprengsteinsmasser eller 20/120 pukk.
- Stien grusast med 10 cm knust grus 0–16 mm.
- Utgangspunkt for ferdig overflate er 10 cm under dør og inngangsparti
- Overskotsmassar etter masseutskifting skal plasserast og planerast ut på vestsida av naustet, mot bekk.

Delprosjekt 2

- Utbetre veg ned i Badevika med to kvileplan, samt lage snuplass

Kartutsnitt



Utsnittet syner område for planlagt tiltak. Avmerkinga syner omtrentleg plassering av tiltak.
Det syner ikkje breidde på veg eller eksakte trasear.

Formål

Tiltaket skal gjere vegen meir tilgjengeleg for personar med nedsett funksjonsevne. Det er ikkje krav om full universell utforming, og eksisterande stigning og trasé skal vidareførast.

Dagens situasjon

- Vegen er i dag etablert, men har grovt og ujamt dekke, og er ikkje eigna for rullestol/rullator.
- Det er ingen kvileplan langs vegen.
- Snuplass i enden av vegen er for liten.

Planlagde tiltak

- 2a: Gruse og førebu vegen for asfaltering
- 2b: Etablere to kvileplan langs vegen
- 2c: Utvide snuplass
- 2d: Etablere støttemur i bakkant av snuplass
- 2e: Etablere ny stikkrennekum i starten av bakken
- 2f: Legge rør i grøft for handtere overflatevatn frå bakken bak snuplass

Omfang av arbeid

Arbeidet omfattar rpparbeiding av eksisterande veg slik at det vert etablert jamt og stabilt underlag klargjort for asfaltering. Inkluderer også utviding av snuplass og etablere tørrmur i bakkant av snuplass.
Entreprisen inkluderer alle naudsynte leveransar og arbeid for å ferdigstille tiltaket, herunder massehandtering, oppbygging av underlag og ferdig dekke. Alle kostnader knytt til material, transport og utføring innanfor tiltaksområdet skal vere inkludert i tilbydd pris. Leverandør har ansvar for naudsynt sikring av anleggsområdet i anleggsfasen.

Dimensjonar og krav:

- Vegen er om lag 90 meter lang.
- Ferdig veg skal ha takfall og ikkje vere smalare enn total breidde på 3,0 meter, inkludert 25 cm skulder
- Det skal etablerast/reinskast veggrøft der dette er nødvendig for å sikre handtering av overflatevatn
- Snuplassen skal utvidast med ca 4,5 x 3 meter, slik at den totalt er på 4,5x6 meter.
- Snuplassen skal ha fast dekke og same standard som vegen elles
- I bakkant av snuplassen må det etablerast ein tørrmur for å støtte bakanforliggande terreng.
- Etablere nye murte inntakskonstruksjonar og legge stikkrennerør Ø200 mellom desse og gjennom vegen til bekk.

Oppbygging og dekke

- Veg og snuplass grusast med 10 cm knust grus 0–16 mm

Kvileplan

- Det skal etablerast to kvileplan i bakken
- Kvileplan skal ha fast dekke
- Kvileplan skal ha ein storleik på min. 1,6x1,6 m og etablerast langs med vegen.
- Kvileplan skal ha fall og tverrfall maks 1:50
- Gjennom kvileplan skal det leggast Ø300DV rør i grøfta.

Delprosjekt 3

Utbetre turveg

Kartutsnitt

Utsnittet syner område for planlagt tiltak. Oransje strek er omtrentleg plassering av tiltak.

Formål

Turvegen er allereie etablert. Tiltaket skal gjere turvegen meir tilgjengeleg for personar med nedsett funksjonsevne. Det er ikkje krav om full universell utforming, og eksisterande stigning og trasé skal vidareførast.

Dagens situasjon

- Vegen er i dag etablert, men har grovt og ujamt dekke, og er ikkje eigna for rullator/rullestol.

Planlagde tiltak

- 3a: Fjerne vegetasjon i eksisterande overflate, gruse og førebu vegen for asfaltering
- 3b: Reinske/etablere grøft
- 3c: Asfaltere turveg

Omfang av arbeid

Arbeidet omfattar reopparbeiding av eksisterande veg slik at det vert etablert jamt og stabilt underlag med tilfredsstillande bereevne. Entreprisen inkluderer alle naudsynte leveransar og arbeid for å ferdigstille tiltaket, herunder massehandtering, oppbygging av underlag og ferdig dekke. Alle kostnader knytt til material, transport og utføring innanfor tiltaksområdet skal vere inkludert i tilbydd pris. Leverandør har ansvar for naudsynt sikring i anleggsfasen. Gravemassar plasserast ved sørside naust.

Dimensjonar og krav:

- Vegen er om lag 220 meter lang.
- Ferdig veg skal takfall og ha ei total breidde på 3,0 meter, inkludert 25 cm skulder
- Det skal etablerast/reinskast veggrøft der dette er nødvendig for å sikre handtering av overflatevatn

Oppbygging og dekke

- Turveg grusast med 10 cm knust grus 0–16 mm

Synfaring

- Det vert arrangert felles synfaring på tiltaksområdet.
- Leverandør pliktar å gjere seg kjend med lokale forhold før innlevering av tilbod.
- Forhold som leverandør kunne eller burde ha observert på synfaring, skal vere teke høgde for i pristilbod.
- Referat frå synfaring vert gjort tilgjengeleg for alle tilbydarar.

Prising

- Pristilbodet skal spesifiserast for dei ulike tiltaka
- Opsjonar: Delprosjekt 3